

Høyringsutale til utbygging av Høgemork Kraftverk.

Madlandselva buktar seg nedover dalen frå Madland til Ravndal. Langs heile elva ligg det gardsbruk. Elva har vore ei livsåre i landbruket i århundrer. Ho har vore nytta til drikkevatn, fiske, kverndrift og bading for ungane. Å få ei minstevannføring i elva, slik Lyse no planlegg, vil få store konsekvensar, og det vil vere ei stor, negativ avgjerdse, både i det historiske lys og for framtida, dersom Lyse får sine planer igjennom.

Me er den siste brukaren, som ligg langs elva og me eig der ho munner ut i Oltedalsvatnet. Me ynskjer å kommentere nokre negative konsekvensar av ei eventuell utbygging.

Lyse hevder mellom anna at utbygginga og den nye minstevannføringa kjem til å få konsekvensar for Madlandsvatnet og elva. Me meiner at òg Oltedalsvatnet kjem til å bli sterkt prega av dette. Grunnen til det er at no kjem alt vatnet ned i Madlandselva og strøymar gjennom Oltedalsvatnet og ned til Oltedal. Med ei utbygging vil straumen av vatn kome ut i Haugamorkå, og berre ein liten del, der den kjem no. Det vil bli meir stillestående vatn, og følgene av det er at me får ein slags sump med igjengroing nede i elvemunninga. Det kjem ein bekk frå dalen på Ravndal, men den kjem ut lenger borte mot Haugamorka. Kvaliteten på vatnet vil heilt klart bli dårlegare, og vil truleg ikkje vere eigna til drikkevatn til dyra, fisking eller bading.

Ein anna konsekvens av den sterkt reduserte vannføringa er at vatnet grev seg stadig djupare nedover i elvebotnen, med den konsekvens at elveleie stadig raser ut og blir større og større. Til dømes kan nevnes at elveleiet snart tar med seg fylkesvei 287. Elva skifter stadig lei, og der ho renn ut i Oltedalsvatnet no, er ikkje der ho rann for 100 år sidan, når Lyse kjøpte rettighetene. I løpet av desse 100 åra, har elva teke med seg fleire hundre kubikk med masse frå vår eigedom.

Ravndal ligg under det som står i Fylkeskommunens rapport over vakre landskap i Rogaland. Området blir definert som meget vakkert landskap. Lyse meiner at dette berre omfattar ein liten del av Madlandselva, men me meiner at det nok er ¼ av elva som kjem inn under definisjonen. Viss det blir attgroing i Madlandselva, så vil det få innverknad på dette meget vakre landskapet.

Det er ein del fiske nede i osen ved utløpet av Oltedalsvatnet. Det er ofte folk, som kjem frå Ålgård og omegn for å fiske der. Me òg fisker ein del i Oltedalsvatnet og det er god kvalitet på fisken der; og det er eit høgdepunkt for ungane om sommaren å ha sjølvfiska aure på grillen. Viss me får ei ny minstevannsføring og meir stillestående vatn, fryktar me at det vil gå utover fisk og fiske.

Me var på folkemøte på Gjesdal Bygdehus den 17 juni. Det kom tydeleg fram der at NVE og Lyse har lita erfaring med å byggje ut og la ei elv gro igjen i eit område med aktiv jordbruk. Forslaga til Lyse om spyleflaumer og gjerdinger er lite praktisk gjennomførbare, og me fryktar me blir eit forsøksområde. Rapportane inneheld fleire «truleg ikkje», «antas», «mulig» ol. Det er ikkje godt nok! Her må ein vere heilt sikker på kva ein held på med, me vil ikkje vere eit forsøksområde.

Kvar gard langs Madlandselva har sin kulp dei bader i. Det har vore gjort i fleire generasjonar. Dette veit eg, for min far vaks opp på Vølstad og bada i ein kulp der oppe, og dagens ungar på Ravndal har ein god og stor kulp nede ved brua, som dei nyttar heile sommarhalvåret.

Me er i mot utbygginga av Høgamork kraftverk, fordi me er redd det vil få store negative konsekvenser for slik me driv garden vår no, og at gleda me å bu med denne flotte elva, som har gitt oss og forhåpentlegvis vil gje oss mange gode minner, vil forsvinne.

Med venleg helsing

Laila Vølstad Hognestad
Stian Hognestad.

g.nr: 16 b.nr 4